



# TVERRFJELLET

FORSAND KOMMUNE

## FAKTA

**Lengde:** Om lag 3 timar tur-retur.

**Passar for:** Familietur

**Parkering:** God plass øverst i Vinddalen.

**Kartblad:** 1312 IV: Frafjord

### **Verd å merka seg:**

Turen har jamn stigning heile vegen til toppen, så sjølv om stien er lett å fylgja kan han vera tung å gå for barneføter. Bruk god tid. Utsikten frå toppen av Tverrfjellet er utruleg flott og er verd heile turen.




Foto: Roy Mangersnes

## OM TUREN

Øvst i Vinddalen kan ein parkera bilen og ta fatt på den flotte turen opp mot Tverrfjellet. Stien er godt merka og går på høgre sida av Vinddøla som kjem fin og klar ned frå Tørajuvet.

Det fyrste stykket går i fin furuskog med røsslyng. Lenger oppe fylgjer stien bekken gjennom ein flott gamal og krokut bjørkeskog. Legg merke til den krokute furua som veks på steinen attmed stien!

Når ein kjem over tregrensa, fylgjer ein Tverrdalen mot snaufjellet. Vel oppe dreier stien mot sør, og ein kan gå på nake berg opp til toppen av Tverrfjellet. Utsikten frå toppen er formidabel. Kulturlandskapet i Vinddalen ligg som eit lappeteppe for foten av Tindfjellet, og Espedalsvatnet blinkar i det fjerne. På klårversdagar kan ein og sjå Frafjord, og mot vest kan ein sjå Neverdalsfjella med Preikestolen og heilt inn til øyriket i Ryfylke.

### Ein rik natur

Den lune dalen fører til at vekstforholda i furuskogen er svært gode. Her trivst røsslyng og blåbærlyng, som igjen gir grunnlag for eit mangfald av insekt. Spesielt augnestikkarane trivst godt i den varme skogen på seinsumaren.

Lenger oppe i den krokute bjørkeskogen kan ein finna mange spanande soppslag. Kantarell finn ein fleire stader langs stien. For dei som likar å sankar av mangfaldet i naturen, kan dei vide blåbærliene i Tverrdalen vera freistande.

I overgangen mellom skog og fjell kan ein treffa på hjortedyr og rev. Fuglelivet er rikt, og på snaufjellet treff ein på fjellrypa. Denne fuglen lever og trivst i ein av dei tøffaste naturtypene som finst her i landet. Det er utruleg at nokon kan leva av det vesle som stikk opp mellom is og snø på fjellet vinterstid. Men rypa greier seg fint.



